

PROSJEKT: SKULEN MIN

SLUTTRAPPORT MARS 2019

Eit samarbeid mellom Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og kulturseksjonen ved Sogn og Fjordane fylkeskommune.



Skulen min

Prosjektleder: Sigrun Espe

Tilsette ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane og prosjektmedarbeidarar: Annette Langedal Holme, Kjerstin Risnes, Espen Sæterbø, Miriam Kayser Digernes, Marie Nicolaisen, Dorthea Alisøy Rennestraum, Magnus Klausmark, Hans Sindre Lothe Rein, Silje England, Nils Olav Nygård og Kyrre Gallefoss Vangnes.

PROSJEKTET OPPSUMMERT

Skulen har spelt ei sentral rolle i lokalsamfunnet, og alle har eit forhold til skuletida. Skulen speglar samfunnet, og ved hjelp av arkiv, lokal kunnskap og tradisjonar kan ein spore ein kronologi og ei utvikling.

Prosjektet sitt mål har vore å samle informasjon som gir eit heilskapleg bilete av skulen si rolle og utvikling over tid, samt å opne dører til digitalisert innhald. Gjennom ein digital skuleportal kan publikum hente ut og samstille informasjon frå ulike databasar.



Skulebilete frå Skor skule i Hyllestad, 1944/45. Lærar var Orlaug Sognnes. Skulen vart nedlagd ca. 1965. Huset er i dag samlingshus for grenda. Fotograf: ukjend. Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

PROSJEKTPERIODE

Prosjektet har gått over tre år. Det starta opp i juli 2015 og vart avslutta i desember 2018. Vi har fått prosjektmidlar frå Riksarkivet og Statens Vegvesen, samt løyvingar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

MÅL OG GJENNOMFØRING

Prosjektet har sidan starten jobba mot to hovudmål. Vi har både fokusert på samarbeid med faginstansar og institusjonar om datakjelder og informasjonssamling, samt digital formidling av desse kjeldene til publikum. Prosjektet har nådd begge måla, men rammene og forventningane vi hadde i starten av prosjektet har av ulike grunnar dels vorte endra undervegs.

HOVUDMÅL 1: SAMARBEID OM GODE FELLESLØYSINGAR FOR FORMIDLING AV SKULEHISTORIE.

Bidragstytarane skal samarbeide med kvarandre og med nasjonale, regionale og lokale aktørar om å kartlegge, produsere, digitalisere og samle informasjon og kjelder innanfor temaet «skule» i opne databasar.

HOVUDMÅL 2: BETRE TILGANG TIL OG FORMIDLING AV DIGITALISERTE KJELDER OG MATERIALE.

Prosjektet skal knyte saman digitalisert materiale innanfor temaet «skule» og formidle dette til publikum gjennom ein heilskapleg og oversikteleg digital skuleportal.

PROSJEKTGRUNNGJEVING

Den første skulelova frå 1739 vart kalla «Forordning Om Skolerne paa Landet i Norge» og omfatta faga kristendom, lesing, skriving og rekning. Det var skuleplikt for alle over 7 år «som kand søke skole» og dei skulle halde på «i det mindste indtil de ere 10 à 12 Aar gamle». Med fastskulelova i

1860 vart det bygd mange skulehus og tilsett mange fleire lærarar. Gjennom 18- og 1900-talet kom fleire nye skulelover og denne utviklinga kan vi spore gjennom arkiva og historia.

Rundt om i lokalsamfunna er det mange som er opptekne av skulehistorie. Folk har eit forhold til skulen og vil vite meir om dei ulike skulehusa, skulekretsane, skuleveggar, lærarar, elevar, utdanningspolitikk og mykje meir. Skulen som institusjon har spelt ei rolle i samfunnsutviklinga på område som geografi, historie, samferdsle, økonomi, lokalpolitikk og religion. Prosjektet Skulen min vil gi ein enkel inngang til denne informasjonen.

Det er mange ulike kjelder som fortel om skulehistoria, mellom anna katalogar, foto, gjenstandar, brev, dokument og forteljingar. Desse verdifulle materielle og immaterielle kulturminna finn ein hjå arkiva, musea, lokale organisasjonar eller andre, men ikkje alltid lett tilgjengeleg. Det er viktige kjelder til kunnskap som ikkje når ut til folk på ein god nok måte.

Fleire kulturaktørar i Noreg jobbar med å opne opp og gjere meir kulturdata digitalt tilgjengeleg. Dette ville vi både bygge vidare på og dra nytte av i dette prosjektet. Målet er å digitalisere og tilgjengeleggjere meir materiale i dei opne nasjonale kulturdatabasane, samtidig som vi i vår portal hentar ut skulestoff på tvers av fagområde.

Prosjektet har prioritert perioden frå den første skulelova kom i 1739 til kommunesamanslåingsperioden på midten av 1960-talet. Både tilgang til kjeldemateriale og personvernsomsyn legg føringar for kva som vert digitalisert og formidla. Fylkesarkivet har mellom anna skulearkiv fram til midten av 1960-talet.



Jenter hoppar paradís, ein kjend leik på mange skuleplassar gjennom tidene. Fotograf: ukjend, ca 1935-39. Kjelde: Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

PROSJEKTARBEID

FAST TILSETTE

Prosjektleiar har vore tilsett i 100% stilling i Sogn og Fjordane fylkeskommune, og har brukt om lag halvparten av arbeidstida si på dette prosjektet i perioden. Tilsette hjå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane har også jobba med prosjektet gjennom heile perioden. Tre personar har til saman jobba om lag 20% med å gå gjennom, ordne og organisere skulearkiv, utarbeide ny metodikk, skrive artiklar, halde presentasjonar og innleiingar om prosjektet og om skulearkiva med meir.

I prosjektperioden har prosjektleiar vore i permisjon frå si faste stilling to gonger. Begge gongane vart det tilsett vikar som tok over prosjektoppgåvene. Dette har vore positivt, fordi vi har fått inn nye personar med nye idear og friske auge, men også utfordrande. Vi har jobba for å sikre kunnskapsoverføring i alle ledd, men spesielt i arbeid med eksterne og frivillige er utskifting av tilsette utfordrande.

PROSJEKTMEDARBEIDARAR

Prosjektet har hatt fleire prosjektmedarbeidarar i ulike ordningar. Den første prosjektmedarbeidaren vart tilsett i nesten eit år og jobba dels med skuleprosjektet og dels med arkivordning for fylkesarkivet. Dette var ei god ordning der vi fekk stabilitet over tid. Det var ein bonus at denne prosjektmedarbeidaren seinare vart fast tilsett ved fylkesarkivet, og difor tok med seg si erfaring vidare i arbeidet.

Vi har hatt fire sommarvikarar som har jobba med prosjektet, to sommaren 2017 og to i 2018. Dei har i hovudsak jobba med grunnkjeldene, skulearkiva, men også med formidling og informasjonsarbeid. Ein av sommarvikarane vart seinare hyra inn for å jobbe to månader for kulturavdelinga og ein månad for prosjektet «Skulen min» med teknisk utviklinga av ei av kjeldene vi brukar i prosjektet, Kultuhistorisk leksikon.

To prosjektmedarbeidarar på fylkesarkivet som hovudsakleg jobba med scanning og ordningsarbeid, har også vorte brukt til prosjektarbeid i kortare periodar. Dei har då systematisert og digitalisert skulearkiv frå enkeltkommunar.

AKTIVITETAR

- 19. oktober 2015 – Møte om skuleprosjekt og kulturminneregistrering i Hyllestad
- 25. og 26. januar 2016 – Intervju og informasjonsmøte i Hyllestad, i samarbeid med sogelaget.
- 22. februar 2016 – Radiointervju NRK Sogn og Fjordane, morgonsendinga
- 23. februar 2016 – Presentasjon av skuleprosjektet i Stryn, i samband med årsmøte i historielaget
- 29. februar 2016 – Informasjonsmøte på Sagatun skule i Balestrand
- 28. september 2016 – Møte med Selje Sogelag og Bjørn Jensen, samt møte med Vågsøy historielag.
- 28. september 2016 – Presentasjon av skuleprosjektet på regionsamling for dei organisasjonseigde kulturbygga i Vågsøy, i samarbeid med Huset i Bygda og historielaget
- 29. september 2016 – Møte med Vågsøy historielag og ansvarleg for Gravdal gamle skule.

- 29. september 2016 – Presentasjon av skuleprosjektet på regionsamling for dei organisasjonseigde kulturbygga i Selje, i samarbeid med Huset i Bygda og historielaget
- 30. september 2016 – Informasjonsmøte i Eid med historielaget.
- 4. oktober 2016 – Presentasjon av skuleprosjektet for fylkesarkivet og fylkesbiblioteket i Hordaland.
- 6. oktober 2016 - Presentasjon av skuleprosjektet og innlegg om skulehistorie ved Fridtjov Urdal på Forteljarkafé på Kystmuseet i Florø, i samarbeid med kulturavdelinga, Flora kommune og Kystmuseet.
- 2. november 2016 – Tema «skulesong» på Forteljarkafé på Kystmuseet i Florø, i samarbeid med kulturavdelinga, Flora kommune og Kystmuseet.
- 12. november 2016 – Arkivdagen, «Då klokka klang» med kåseri, fagleg innlegg og verkstader.
- 7. desember 2016 – Tema Jul i skulehuset på Forteljarkafé på Kystmuseet i Florø, i samarbeid med kulturavdelinga, Flora kommune og Kystmuseet.
- 18. januar 2017 – Kurs i LokalhistorieWiki i Hyllestad kommune. Samarbeid med kommunen og sogelaget. 17 deltakarar.
- 27. februar 2017 – Kurs i LokalhistorieWiki ved Kystmuseet i Florø. Samarbeid med Flora Historielag.
- 14. mars 2017 – Presentasjon av skuleprosjektet på Luster sogelag sitt årsmøte
- 13. februar 2018 – Informasjonsmøte og kurs for Vågsøy historielag
- 1. november 2018 – Kurs og presentasjon i Stryn, i samarbeid med Stryn historielag og Stryn folkebibliotek.
- 22. januar 2019 – Møte med Norsk Lokalhistorisk Institutt ved Nasjonalbiblioteket i Oslo, folka ansvarlege for lokalhistoriewiki.no.
- 20. mars 2019 – Presentasjon av prosjektet for Bergen Byarkiv.



Kåre Djupevik og Annette Langedal Holme. Djupevik er ein av våre informantar frå Hyllestad kommune. Her vert han intervjuet om skuletida si i krinsane Kolgrov, Sognnes og Hyllestad. Foto: Sigrun Espe/Sogn og Fjordane fylkeskommune.

METODEUTVIKLING

For fylkesarkivet er det viktig at resultatet av dette prosjektet viser igjen i det daglege arbeidet, også i åra som kjem. Vi har gjennom prosjektet utvikla ny prosedyre og metodikk knytt til handsamling av skulearkiv. I arbeidet med «skulen min» har fylkesarkivet først gått gjennom skulearkiv for å systematisere og strukturere på ein betre måte, oppdatert informasjonen i Asta og Arkivportalen, digitalisert dokumenta og publisert dei på nett. Dette er ein jobb som tek mykje tid, og vi har berre dekkja nokre av kommunane i fylket. Men vi ser at har mykje å sei for det vidare arbeidet med skulearkiva.

Med ein fast prosedyre for handtering av skulearkiv, vil det bli enklare både for arkivarar og publikum å finne fram til informasjonen dei er på jakt etter. I arbeid med skulearkiv i tida som kjem kan dei tilsette på fylkesarkivet enten bruke skulenmin.no for å finne fram til informasjon og lette arbeidet, eller ein kan tilføre ny informasjon til prosjektet.

Skulenmin.no og resultatata frå arbeidet skal innlemmast på fylkesarkivet sine heimesider og bli ein del av formidlingsarbeidet til institusjonen. Fylkesarkivet har ein ambisjon om å nytte presentasjonsmodellen på fleire temaområde i åra som kjem.

SAMARBEID

Ein viktig del av prosjektet har vore samarbeid, både med frivillige, kommunar, institusjonar, samt lag og organisasjonar. Den viktigaste målgruppa har vore dei frivillige og dei dei lokale soge- og historielaga. Vi har hatt fleire informasjonsmøte og kurs for å rekruttere bidragsytarar til å skrive, ta bilete med meir. Ei utfordring med dette har vore det tekniske. Mange av dei som ønskjer i bidra med minne, forteljingar, historier og anna, har ikkje vore så ivrige på å redigere og skape innhald på nett. Vi har jobba med å bygge digital kompetanse, og har hatt gode kurs i fleire kommunar. Men utan tett oppfølging er det vanskeleg for folk å halde på engasjementet etter at kurset er over.

Noko som har fungert godt er samlingar der folk kan fortelje, dele historier og diskutere fakta. Men for å få med denne informasjonen vidare er ein avhengig av at nokon kan vere der og skrive ned eller ta opp på band, og overføre dette til nett i etterkant. Dette har vi delvis gjort, for å vise gode døme på innhald og informasjon som kan vere relevant, men det er svært ressurskrevjande. Dette er ikkje noko vi kan prioritere å gjere over tid. Det vi ønskjer å fokusere på i tida som kjem er å finne nokre få lokale ressurspersonar som kan vere bindeledd mellom oss, teknologien og dei som sit på informasjonen. Desse må ha god teknisk innsikt, må ha tid og engasjement, og må følgjast opp tett. Vi har nokre personar som har utmerka seg, og håper å vidareutvikle dette.

Ein annan ting vi vil jobbe vidare med er å forenkle dei tekniske løysingane. Vi ser at faste strukturar og malar i lokalhistoriewiki gjer det enklare for frivillige å bidra med informasjon på riktig plass. Vi ser også at mange vil ha stor nytte av å bruke den visuelle teksteditoren til lokalhistoriewiki i staden for fullt redigeringsmodus.

Vi har hatt eit godt samarbeid med Musea i Sogn og Fjordane og med Huset i Bygda – ein interesseorganisasjon for dei organisasjonseigde kulturbygga. Dette har mellom anna ført til fleire informasjonsmøte. Vi har også hatt ein god dialog med fleire kommunar, utan at det har ført til forpliktande samarbeid enno.


DIGITAL PORTAL – SKULENMIN.NO

Vi har fått på plass portalen skulenmin.no. Denne er bygd på kartfunksjonane i fylkesatlas.no, og vi er veldig nøgde med måten denne fungerer på. Portalen viser skulerelatert innhald frå ulike digitale kjelder, og ved å navigere rundt kartet kan ein sjå kva kjelder som fins i dei ulike kommunane, grendene og skulekrintane. Vi kan justere kva datakjelder som skal vere synlege og aktiverte, og vi kan sjølv styre kva emneord dei ulike datakjeldene vert filtrert etter.

Det er ein funksjon for kommentarar på sida, som gjer at folk kan bidra med meir informasjon eller stille spørsmål. Det er også mogeleg å søke i alt innhald på sida, og vi har ei eiga side med informasjon om prosjektet.

I løpet av prosjektet har vi teke eit val om å tenke «mobile first». Vi har gått vekk frå den litt tunge kartløyninga som ligg i botnen, og heller fokusert på å utvikle den responsive, mobilvenlege løysinga. No har vi ei løysing som fungerer like godt på alle skjermar. Vi har også fått utvikla ein enkel CMS der vi kan gjere små endringar og justeringar sjølv. Dette gjer løysinga meir fleksibel for oss, og er samtidig med på å forankre ansvaret for vidare drift hjå fylkeskommunen og fylkesarkivet.

Kartet er dynamisk, og artiklane på høgresida viser eit utval basert på kvar i kartet ein er.



Vi har hatt ulike utfordringar knytt til hausting av data frå dei ulike kulturdatabasane, noko som har ført til at prosjektet har gjort nokre val og prioriteringar undervegs.

LOKALHISTORIEWIKI.NO

Vi har jobba mykje med lokalhistoriewiki.no, og bruker denne som eit grunnlag for å samle og sortere grunninformasjonen i prosjektet. Vi har hatt ein god dialog med dei tilsette hjå Norsk lokalhistorisk institutt som jobbar med lokalhistoriewiki.no, og har også hatt eit møte med dei i Oslo. Dei har mellom annan kome med innspel til malar, struktur og oppbygging, og har vore med å rydde opp i bruk av kategoriar og terminologi.

På lokalhistoriewiki.no har vi laga ei landingsside med informasjon om prosjektet¹ og ein overordna prosjektkategori der ein finn alle sider som er knytt til prosjektet. Det er totalt 718 artiklar og 293 biletfiler i kategorien «Skulehistorie i Sogn og Fjordane».²

Vi har bygd opp eit hierarki (kommune-skulekrets-skule), laga malar for artiklar på ulike nivå og «skjelett-sider» i alle kommunane. Med skjelett-side meiner vi ei side der vi har laga rammeverket med overskrifter og kategoriar, men utan særleg innhald. Målet er at frivillige eller tilsette ved fylkesarkivet skal fylle på med informasjon etter kvart. For å gjere dette så enkelt som mogeleg har vi laga ei eiga side med instruksjonar, tips og råd.³

NYARE FOTO (FLICKR)

I prosjektet har vi jobba mykje med formidling, og vi har mellom anna brukt Instagram for å dele både skulehistorie og informasjon om skuleprosjektet.⁴ Vi har også gjennomført ein fotokonkurranse der Instagram var ein av kanalane ein kunne bruke for å delta.⁵

Ein del av bileta vi har delt på Instagram er eldre foto, mellom anna frå fylkesarkivet si fotosamling. Men ein god del av bileta er nye bilete av skulehus, skuleveggar, skulebøker og andre gjenstandar frå skuletida, skuleprotokollar med meir. Desse bileta har vi sendt vidare til ei Flickr-side, og bileta frå denne sida har vi teke med som ei eiga datakjelde i skulenmin.no. På den måten kan publikum sjå både nye og historiske bilete knytt til skulekrinsar og skulehus, og på den måten sjå endringar i mellom anna landskap og bygningsmasse. Ein del av dei gamle skulehusa held seg veldig godt, medan andre står til forfall.

På Flickr kan vi sjølve styre kva bilete som vert vist på skulenmin.no ved å legge på eller fjerne koordinatar. Bilete som vi veit dukkar opp i andre datakjelder, som til dømes historiske foto, vel vi å ikkje gjere synlege gjennom Flickr-kjelda.

Skulen min har 155 bilete på Instagram og 95 bilete på Flickr.

DIGITALT MUSEUM

Det er ein god del skulerelatert stoff i musea sine samlingar, men mykje av dette er ikkje kartfesta. Kartfesting er noko kvart museum må gjere i Primus. I ein tidlegare versjon av digitaltmuseum.no kunne alle som var registrerte og pålogga som brukarar kartfeste gjenstandar. Men i den nye versjonen har KulturIT, som er ansvarleg for å utvikle, drifte og vedlikehalde digitaltmuseum.no, fjerna denne funksjonen.

Vi har hatt eit samarbeid med Norsk folkemuseum om ei fotosamling etter Johan Schiong/Norsk lærarlag frå slutten av 50-talet. Schiong tok bilete av skulehus i Sogn og Fjordane og Hordaland, men då vi fann denne var heile samlinga plassert på ein tilfeldig stad i Hordaland. Vi sendte koordinatar til bileta frå Sogn og Fjordane til Norsk folkemuseum, som tok på seg jobben å legge inn desse. Dei har

¹ Her finn ein mellom anna ei oversikt over artiklar delt inn i kommunar og regionar, samt prosjektinformasjon:

https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Skulen_min

² Oversikt over alle artiklar og mediefiler finn ein her: https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Kategori:Skulehistorie_i_Sogn_og_Fjordane

³ Sida med instruksjonar, tips og råd skal dekke både det praktiske, tekniske og lokalhistoriske aspektet ved prosjektet:

https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Skulen_min/Instruksjonar

⁴ Skulen min på Instagram: www.instagram.com/skulenmin/

⁵ «Skulen min» inviterte til fotokonkurranse på Facebook og Instagram: <https://www.sjf.no/fotokonkurranse.431751.nn.html>

også gitt bileta ein fribrukslisens. Neste steg vil vere å få plassert alle skulehusa i Hordaland på riktig plass også.



Schiøng, Johan
Mjell, Gaular, Sogn og
Fjordane. Lite hvitt s
1 bilde



Schiøng, Johan
Ovrisdalen, Sogn og
Fjordane, bygget 1862.
1 bilde



Schiøng, Johan
Råheim, Gaular, Sogn
og Fjordane. Lite hvitt
1 bilde



Schiøng, Johan
Seljedalen, Vik, Sogn
og Fjordane, bygd
1 bilde



Schiøng, Johan
Berge (Øvre Kvamme),
Borgund, Lærdal,
1 bilde



Schiøng, Johan
Horge, Borgund,
Lærdal, Sogn og
1 bilde



Schiøng, Johan
Ljøsne, Lærdal, Sogn
og Fjordane, bygget
1 bilde



Schiøng, Johan
Ljøsne, Lærdal, Sogn
og Fjordane, bygget
1 bilde



Schiøng, Johan
Rikheim, Lærdal, Sogn
og Fjordane, bygget
1 bilde



Schiøng, Johan
Berge (Øvre Kvamme),
Borgund, Lærdal,
1 bilde



Schiøng, Johan
Berge (Øvre Kvamme),
Borgund, Lærdal,
1 bilde



Schiøng, Johan
Øvrebotten, Gaular,
Sogn og Fjordane. Lite
1 bilde

«Serie fotografier fra registrering av eldre skolebygninger i Hordaland og Sogn og Fjordane, utført 1958-59 av Johan Schiøng for Noregs Lærarlag.» Utsnitt frå digitaltmuseum.no⁶

Vi jobbar vidare med å få musea i fylket til å kartfeste samlingar og gjenstandar frå skulen.

Vi hentar ut artiklar frå digitaltmuseum.no basert på enkelte ord i feltet «nøkkelord». Dette er eit felt der ein som innlogga brukar kan legge inn eigne ord. Det gjer det enklare for oss å sikre at vi får med det vi vil ha med. Vi har fått beskjed frå KulturIT at dette er eit udokumentert felt, og dei kan ikkje garantere at det ikkje vert endringar i løysinga. Vi meiner likevel at dette feltet er det som er best for oss, så vi håper det vil fungere framover.

KULTURHISTORISK LEKSIKON

Kulturhistorisk leksikon er fylkesarkivet si teneste for kulturhistoriske artiklar på nett. Tidlegare vart data frå denne tenesta sendt til Europeana/Norvegiana, men grunna gamle og upålitelege grunnstrukturar hjå fylkesarkivet, vart desse tenestene stansa. No har alt innhaldet vorte flytta over på trygge serverar og fått nye visingssider. Dette har vore eit viktig løft, men det har også ført til ein del uventa ekstraarbeid.

Etter at nye sider var på plass oppdaga ein at det var ein stor jobba som måtte gjerast med bilete. I den nye løysinga vert alle bilete skalert til vising i 780x550 pikslar. Men i gamal løysing var mediefiler definert til å visast i langt lågare oppløysing. Mange av bileta eksisterer i fleire versjonar, i ulik kvalitet, i fotodatabasen. Her har vi nytta ekstern arbeidskraft til å jobbe seg gjennom artiklane i kulturhistorisk leksikon og erstatte små biletfiler med større biletfiler frå fotodatabasen der dette fins.

⁶ Schiøng sine bilete på digitaltmuseum.no: <https://digitaltmuseum.no/011013475958/serie-fotografier-fra-registrering-av-eldre-skolebygninger-i-hordaland>

Det er nokre artiklar som vår medarbeidar ikkje rakk over på dei tre månadane han vart hyra inn. I tillegg er det ein del illustrasjonar som ikkje fins i betre kvalitet, eller som berre fins på CD-plater. Desse må vi forsøke å få inn i løysinga på sikt. I tillegg til dette er det ein del artiklar som manglar koordinatar.

ELDRE FOTO (FYLKESARKIVET)

Fylkesarkivet sin webdatabase for foto har same bakgrunnshistorie som kulturhistorisk leksikon. Alle bileta og all data har vorte flytta over på nye, trygge serverar og har fått nye visingsider. Etter at dette kom på plass måtte våre utviklarar utarbeide ein ny modell for uttrekk. No hentar skulenmin.no historiske bilete som har koordinatar og riktige emneord. Her finn ein mellom anna mange klassebilete, bilete av skulehus og bilete frå ulike skuleturar og utflukter. Vi veit at det er fleire bilete som kan vere relevant å ha med, men dette er bilete som ikkje har vorte kartfesta. Dette er ein jobb vi vil forsøke å gjere etter kvart.

The image displays a grid of 10 photo cards from the fylkesarkivet database. Each card features a black and white photograph of a group of children, often in school uniforms, and associated metadata. The metadata includes a unique identifier (SFFF or FAKF), a title, a description, and location information. The cards are arranged in a grid with varying numbers of columns and rows.

- FAKf-100298.181695**: Skulebarn, oppstilt gruppe. Skulebarn i Eidsdalen 1909, atmed lærarhuset Læraren heitte Huus. Skulebarn, oppstilt gruppe. Norddal, Eidsdal | 1909 - 1909
- SFFF-1994111.0039**: Søndagsskulebarn i Indre Hornindal. Barn, barneforeining, gruppeU29, jenter, gitar, søndagsakule. Hornindal | 0 - 0
- SFFF-1988003.0096**: Skulebarn i Orvedal. Alle dei 16 elevane er identi- fiserte. Lærar Ola O.Refsdal står heilt til høgre. Skuleklasse, gruppeU16, elvar, lærar. Vik | 1932 - 1932
- FAKf-0237.00002**: Skulebarn i Bjerkely skule 1947. Lærar Nils Leivdal har teke biletet. Sjå eiga namneliste. (Lokal registrering: Nils Martin Sæther 27.08.1999.) Skuleklasse, barn, gruppeU11. Gjernes, Bjerkely skule | 1947 - 1947
- SFFF-38003.0939**: Sjur Sørestrand med åtte skulebarn og familien sin. Dette er ikkje elevar på Hovland skule, men frå ein skule Sjur Sørestrand flytta til etter tid på Hovland. Skuleklasse, familie, gruppeU12, mann, kvinne, gitar, bygning. Vik, Hovland | 0 - 0
- SFFF-1992075.0008**: Søndagsskulebarn frå Indre Hornindal, med Marie Solheim som leiar. Ca. 1950-1955. Repro/datareg: Feb 92/mars 92, Fylkesarkivet (SFF) w/RAL og THE. GruppeU25, kvinner, barn, søndagsskule. Hornindal | 1950 - 1955
- SFFF-95064.0594**: Skulebarn fotograferte ved naustet på garden Eikeland i Svelgen. Sitj. f.v.: Ragna P. Rise Eikeland (1895-1919) gift med Isak Eikeland i 1919. Dei fekk ein son, Kristoffer, i 1918. Dei to gutane framme t.h. er uidentifiserte. Ståande bak f.v.: Ida P. Rise Myklebust (1898-1989), Petra A. Riise (1898- ...). gruppeU10 skulebarn naust
- SFFF-32075.0007**: Søndagsskulebarn frå Indre Hornindal, ...

Bilete av skuleborn i fylkesarkivet sin fotodatabase på nett.⁷ Her kan ein finne eldre foto, men også foto frå nyare tid som ikkje kan publiserast vidare utan å tenke på personvern og opphavsrett.

⁷ Fylkesarkivet sine foto på nett: <https://foto.fylkesarkivet.no>

DIGTALE FORTELJINGAR (FILM)

Digitale forteljingar frå Digitalt fortalt skulle spele ei viktig rolle i prosjektet, men få månader etter at vi starta opp i 2015 vart denne tenesta lagt ned på kort varsel. Dette skulle vere ei kjelde for skuleminne, forteljingar om skuleveggar og den ikkje-faglege skulehistoria. Vi hadde planar om å bruke lydklipp og bilete. Vi har ikkje funne ei løysing som fungerer som digitaltfortalt.no ville gjort, men vi har testa ut tenesta Vimeo.

Med Vimeo som kjelde kan vi vise fram filmsnuttar. Vi har laga nokre få digitale forteljingar ved hjelp av verktøyet WeVideo. Utfordringa med dette er at det er vanskelegare å rekruttere frivillige til å bidra når dei må sende oss ferdig produkt, heller enn å kunne lage filmen og laste den opp sjølve på ei netteneste som digitaltfortalt.no.

ANNA

Fylkesarkivet har gjennom dette prosjektet jobba med å oppdatere registreringar av skulearkiv i Asta, og målet har vore å også kunne bruke Arkivportalen som ei datakjelde. I starten av prosjektet trudde vi det var mogeleg å hente informasjon frå Arkivportalen gjennom Norvegiana-APIet, og vi håpte at det skulle vere mogeleg å kunne få med digitaliserte versjonar av skulearkiva. Vi har i prosjektperioden lært at data frå Arkivportalen i Norvegiana er ikkje-oppdaterede data, og at stiftinga ASTA som driftar Arkivportalen, ikkje lenger ønskjer å levere data til Norvegiana. Arkivportalen har stengt sin port for hausting av data til Norvegiana, og datakjeldene har ikkje vorte oppdaterte sidan 2013.

Vi har ikkje kome vidare med dette, men det å kunne kople skulenmin.no direkte til skulearkiva, ikkje berre via lenking i t.d. lokalhistoriewiki, er noko vi vil jobbe vidare med etter at prosjektet er over. Sidan også Arkivportalen er under utvikling er det vanskeleg å vite kva som kjem til å skje i nærmaste framtid.

Vi hadde planlagt å bruke kulturminnesok.no som kjelde til skulehus som framleis står som kulturminne rundt om i kommunane. Men etter at denne tenesta kom i ny versjon, sender ikkje lenger Riksantikvaren brukargenerert data til Norvegiana. Dei har heller ikkje fått på plass funksjonar relatert til uttrekk og samanstilling basert på både strukturerte kategoriar/emne/fylke/kommunar frå Askeladden og på meir «frie» emneord/metadatatagging. No er skulehusa godt dokumenterte andre stader, og vi har ikkje prioritert å jobbe vidare med denne løysinga.

DOKUMENTASJON OG FORMIDLING

Ein viktig del av prosjektet Skulen min har vore formidling. Vi har ønskja å formidle informasjon om prosjektet mellom anna for å rekruttere frivillige til å vere med å bidra, og for å oppdage nye kjelder, som til dømes gamle skuleprotokollar i privat eige rundt om i fylket. Vi har fått inn fleire gamle protokollar i prosjektperioden frå folk som har vorte gjort merksame på desse arkiva sin verdi.

Vi har også ønskja å formidle skattar frå arkiva og anna gull som vi har oppdaga undervegs, for å auke engasjementet og interessa for skulehistoria.

MEDIA

Prosjektet har vore i saker eller notisar i lokalaviser 20 gonger i 2017 og 2018.⁸ I tillegg til dette vart prosjektleiar intervjuva i radiostudio av NRK Sogn og Fjordane. 22. februar 2016.⁹

SOSIALE MEDIUM

Prosjektet oppretta ein Instagramprofil i mars 2016.¹⁰ Vi har mellom anna brukt Instagram for å dele både skulehistorie og informasjon om skuleprosjektet. Vi har også gjennomført ein fotokonkurranse der Instagram var ein av kanalane ein kunne bruke for å delta.¹¹

Ein del av bileta vi har delt på Instagram er eldre foto, mellom anna frå fylkesarkivet si fotosamling. Men ein god del av bileta er nye bilete av skulehus, skulevegar, skulebøker og andre gjenstandar frå skuletida, skuleprotokollar med meir. Desse bileta har vi sendt vidare til ei Flickr-side ved hjelp av tenesta ifttt.com, og bileta frå denne sida har vi teke med som ei eiga datakjelde i skulenmin.no.

Vi oppretta ei Facebookside i september 2017.¹² Vi venta med dette til vi hadde meir vi kunne vise fram frå skulenmin.no. På Facebook kan ein nå mange med informasjon, og spesielt mange relevante målgrupper, som til dømes aktive i sogelag og historieinteresserte seniorar.

Vi har skrive to blogginnlegg på eigen blogg: sfj.no/kulturblogg.¹³

ANNA

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane gir ut magasinet Kjelda to gonger i året. Kvar utgåve sidan siste del av 2015 har hatt ein eller fleire artiklar om skuleprosjektet, skulearkiv eller skulehistorie:

- Unikt skuleprosjekt med Hyllestad som pilotkommune (2015)
- Kåre sine skuleminne frå tre ulike krinsar (2016)
- Samlar inn bilete av skulehus (2016)
- Krigen kjem til Kvamme skule (2016)
- Juletreff i Indrefjorden (2017)
- Florø folkeskole : ein lang veg å gå (2017)
- God dugnadsånd i Lødemel (2017)
- Skulen vår (2017)
- Lærar for livet (2017)
- Skulevegen Tenningåsen – Eitorn (2017)
- Skuledagbok frå Erdal med vri (2018)
- Overnatting i gamle skulehus (2018)
- Krigen sett frå skuledagbøker (2018)

⁸ Sjå rapport frå Retriever lagt ved. Vi har dessverre ikkje tilgang til Retriever-data frå 2015 og 2016.

⁹ «Bjarne hugsar best då tannlegen kom. Kva er ditt skuleminne?» NRK Sogn og Fjordane 22. februar 2019. <https://www.nrk.no/sognogfjordane/bjarne-hugsar-best-da-tannlegen-kom-kva-er-ditt-skuleminne-1.12815121>

¹⁰ Skulen min på Instagram: www.instagram.com/skulenmin, 155 innlegg og 218 følgjar per mars 2019.

¹¹ «Skulen min» inviterte til fotokonkurranse på Facebook og Instagram: <https://www.sfi.no/fotokonkurranse.431751.nn.html>

¹² Skulen min på Facebook: www.facebook.com/skulenmin, 374 følgjarar i mars 2019.

¹³ Skulen MIN, av Annette Langedal Holme (24.06.2016) <https://www.sfi.no/skulen-min.5887772-361710.html> og Skuleminne av Sigrun Espe (19.02.2016) <https://www.sfi.no/skuleminne.5846120-361710.html>

FINANSIERING

Skulen min har til fått 1 225 000 kroner frå Riksarkivet. I tillegg til dette har vi fått støtte frå Statens Vegvesen og ekstraløyvingar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette kjem i tillegg til mykje arbeidsinnsats frå tilsette ved fylkeskommunen og fylkesarkivet.

Totale utgifter i prosjektet har så langt vore 1 384 990 kroner. Heile tilskotet frå Riksarkivet er brukt opp, samt tilskotet frå Statens Vegvesen. Vi har ein rest på 195 010 kroner, grunna ekstraløyvingane frå fylkeskommunen. Vi tek sikte på å bruke desse i 2019 og eventuelt 2020.

Sluttrekneskap Skulen min 2015-2018

Inntekter:	Budsjett (søknad)	Budsjett (revidert)	Rekneskap
Riksarkivet	1 900 000	1 225 000	1 225 000
Kulturavdelinga Sogn og Fjordane fylkeskommune	0	205 000	205 000
Statens Vegvesen	150 000	150 000	150 000
Sum inntekter	2 050 000	1 580 000	1 580 000
Utgifter:			
Teknisk utvikling	840 000	465 000	549 808
Prosjektleiing og prosjektarbeid	1 030 000	932 000	730 194
Reiser, møte og kurs	130 000	107 000	65 423
Utstyr og hjelpemiddel	30 000	28 000	19 007
Diverse	20 000	20 000	20 558
Sum utgifter	2 050 000	1 552 000	1 384 990
Diff	0	-28 000	-195 010

VEGEN VIDARE

Skulen min skal leve vidare, og dei ulike delane av prosjektet vil gå inn som ein del av dei faste arbeidsoppgåvene til rådgjevar for digital kulturformidling i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dei tilsette ved Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane vil jobbe vidare med andre delar av prosjektet. Samtidig er vi så heldige at vi har ein del prosjektmidlar igjen som vi skal bruke i 2019 og eventuelt i 2020.

Dette er noko av det vi ønskjer å få utretta i denne perioden:

- Opprette kontakt med frivillige i fleire kommunar.
- Gå i dialog med musea om korleis dei kan gjere ein større del av skulerelaterte samlingar tilgjengelege gjennom skulenmin.no.
- Halde fleire kurs.
- Søke etter ei betre løysing for å kople digitaliserte skulearkiv opp mot skulenmin.no, som digitalarkivet eller liknande.
- Vidareutvikle den tekniske løysinga, med fokus på brukaren.
- Systematisere og digitalisere fleire skulearkiv.
- Jobbe vidare for å finne ei god fellesløysing for tilgjengeleggjering av digitalt arkivmateriale som kan nyttast i prosjektet.
- Kartlegge fleire skulevegar.
- Undersøke bruk av digitale forteljingar.
- Kartfeste fleire relevante historiske foto frå fylkesarkivet sitt webarkiv.
- Sjå på ei mogeleg utviding til Hordaland, i samband med ny region frå 2020.
- Gå i dialog med andre arkivinstitusjonar som ønskjer å kople seg på prosjektet.

Sigrun Espe
Prosjektleder

Arnt Ola Fidjestøl
Fylkesarkivar

Leikanger, 28. mars 2019



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



FYLKESARKIVET
I SOGN OG FJORDANE